

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Feltstasjonen, Norsk Bremuseum, Fjærland  
**Dato:** 08.05.2012  
**Tidspunkt:** 10:30 – 15:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune
Sven Flo	Nestleiar	Stryn kommune
Eline Orheim	Medlem	Sogndal kommune
Gunnvor A. Sunde	Medlem	Gloppen kommune
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Sogn og Fjordane fylkeskommune

## Følgjande meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand kommune
Olve Grotle	Medlem	Førde kommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster kommune
Kari Bolstad	Vara	Balestrand kommune
Turid Vallestad	Vara	Førde kommune
Ragnhild Sæle	Vara	Jølster kommune

---

**Merknader:** Nasjonalparkstyret fikk omvisning på Norsk Bremuseum med orientering av den nye direktøren John Brekke. Styret fekk sjå filmen om Jostedalsbreen og klimautstillinga.

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria C. Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn Jostedalsbreen

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

---

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 15/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden Val av to personar for underskriving av protokoll frå førre styremøte Orienteringssakar		
ST 16/12	Tilbaketrekking av rammeløyve for oppføring av sel på Sunndalssetra		2011/2138
ST 17/12	Jostedalsbreen nasjonalpark - framlegg til fordeling av tiltaksmidlar		2011/4757
ST 18/12	Jubileumsmarkering i Jostedalen - 20 år sidan opninga av nasjonalparken		2012/1607
ST 19/12	Løyving av midlar til formidling av verdjar i Jostedalsbreen nasjonalpark		2012/1815
ST 20/12	Jostedalsbreen nasjonalpark - tilleggsløyving til gjenoppbygging av bruer i Sunndalen		2011/4383
ST 21/12	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyving til oppsetting av portal i Briksdalen		2012/2081
ST 22/12	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til gjenoppbygging av bru, helikoptertransport av material og løyving av midlar til tiltak.		2012/1931
	Eventuelt		

### Underskrift av protokoll:

Protokoll frå konstituerande møte i nasjonalparkstyret den 13. mars 2012 i Balestrand vart godkjent og underskrive av leiar Ivar Kvalen, samt Gunnvor Sunde og Sven Flo.

Protokoll frå møte i arbeidsutvalet (AU) for nasjonalparkstyret den 12. april 2012 vart godkjent og underskrive av leiar Ivar Kvalen, samt Gunnvor Sunde og Karen Marie Hjelmeseater.

### Orienteringssakar:

- a) Statens naturoppsyn Jostedalsbreen v/ Anne Rudsengen orienterte om arbeidet framover mot sommaren. Skålastiprosjektet vil sette i gang med sherpaer frå juni, og har ein prioritert liste for arbeidet jf. detaljert prosjektplan. Ho har som mål å registrere alle grenseskilt ("løveskilt") inn i verneområdeloggen. Ferdsløteljarane skal ut på fire plassar i nasjonalparken

for å registrere besøkande. Ho har inngått avtale om arbeid på prosjekt med fleire, m.a. Kjetil Ruud i Jostedalen (2 månader, mellom anna klopplugging frå Bergset) og Ole Runar Aabrekk i Loen (3 månader, først og fremst Skålastiprosjektet).

- b) Nasjonalparkforvaltaren har vore i dialog med arrangementet Fjord-O-West. Dei skal arrangere eit stort orienteringsløp i Fjærland sommaren 2014 med opptil 1000 løparar frå inn- og utland. Organisorane skal lage eit orienteringskart for det aktuelle området i Bøyadalen, og omtalar o-kartet som «eit idrettsanlegg». Jamfør verneforskrifta er det ikkje opning for idrettsarrangement i nasjonalparken, og nasjonalparkstyret ser det difor som problematisk med eit orienteringskart som går over nasjonalparkgrensa. Det er viktig å unngå dette i Bøyadalen tilfelle andre også ønskjer slike «idrettsanlegg» i nasjonalparken.
- c) Nasjonalparkforvaltar Maria C. Knagenhjelm går ut i foreldrepermisjon frå midten av august til om lag april-mai, og Steinar Lund vil overta som vikar i den same perioden. Han har jobba med forvaltningsplanar for mindre verneområde og arealplanar hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- d) Det er komme ein søknad frå Høgskulen i Sogn og Fjordane v/ Knut Rydgren og Jacob Yde om løyve til forskning på Austerdalsbreen og Austerdalen. Dei har søkt Noregs Forskingsråd (NFR) om finansiering og får svar på dette i løpet av hausten. Dei søkte nasjonalparkforvaltninga om løyve til forskning, mellom anna is- og snøprøver, prøvetaking av jord og vegetasjon, sleppe farga stoff i smeltevasskanalar på breen, utplassering av metallsticker på breen for måling av fart, utplassering av to værstasjoner, måling av vassføring v/ Tungestølen, med meir. Søknaden kan takast opp til handsaming av nasjonalparkstyret når HiSF har fått svar på finansieringa av prosjektet, men forvaltaren signaliserte til søkjarane før dei søkte til NFR at det tidlegare har vore gitt løyve til forskning innanfor nasjonalparken, med visse vilkår.

### **Eventuelt**

Neste styremøte vert i utgangspunktet på ettermiddagen den 30. august på Otta. Dagen etter, den 31. august, er den store nasjonale nasjonalparkkonferansen, og tema der vil mellom anna vere næringsutvikling i og i randsonene av verneområde.

Alle styremedlemmer vert oppmoda om å delta på 20-årsmarkeringa av opninga av nasjonalparken, som skal gå føre seg fredag den 15. juni kl. 19.00 på Jostedal hotell.

## **ST 15/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.05.2012**

## **Vedtak**

Innstilling frå forvaltar vedteke med ei endring. Sak 17/12 om framlegg til fordeling av tiltaksmidlar vart handsama etter alle søknadssakane (sakane 19/12 – 22/12) om midlar.

## **ST 16/12 Tilbaketrekking av rammeløyve for oppføring av sel på Sunndalssetra**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.05.2012**

#### **Handsaming i møte:**

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar

#### **Vedtak:**

Med heimel i forvaltningslova si § 33, andre ledd, opphevar Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtak gjeldande rammeløyve for oppsetting av sel på Sunndalssetra i sak nr 45/2011, gjort i styremøte den 25. oktober 2011. Opphevinga av vedtaket vert gjort på bakgrunn av ny informasjon framkomma i klagebrev datert den 8.12.2011.

Ny søknad vert ikkje handsama før alle privatrettslege tilhøve er avklart mellom Dag Hjelle og Sunndalssetra sameige. Styret vil oppmode Dag Hjelle til å legge ved fullstendige teikningar av selet ved ev innsending av ny søknad.


## **ST 17/12 Jostedalsbreen nasjonalpark - framlegg til fordeling av tiltaksmidlar**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.05.2012**

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til fordeling av tiltaksmidlar vart lagt fram under møtet. Framlegget vart basert på rammetildeling frå Direktoratet for naturforvaltning, pågåande prosjekt og innmeldte søknadar.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utgangspunktet kr 200 000,- til disposisjon til tiltak i nasjonalparken, løyvd over statsbudsjettet via DN. Midlane skal i utgangspunktet nyttast i samsvar med forvaltningsplan.




Styret ber nasjonalparkforvaltaren førebu eit notat som grunnlag for vidare diskusjon om merkevarebygging.

Det var framlegg om å gjere eit grundigare grunnarbeid med profil/merkevare for nasjonalparken før styret løyver eventuelle midlar til ein portal i Briksdalen. Styret signaliserte at det i utgangspunktet var ein god søknad og idé frå initiativtakarane, men at dei heller vil komme tilbake til slike tiltak etter ein debatt om merkevarebygging.

**Vedtak:**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtok fordelinga av tiltaksmidlane einstemmig.



\* Gjeld planen innmeldt i bestillingsdialogen om restaurering av gamle ferdselsveger.

**ST 18/12 Jubileumsmarkering i Jostedalen - 20 år sidan opninga av nasjonalparken**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.05.2012**

**Handsaming i møte:**

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar.

Alle styremedlem vert oppmoda om å møte denne kvelden i Jostedalen.

**Vedtak:**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre arrangerer eit kveldsseminar på Jostedal hotell fredag den 15. juni 2012 for å markere 20-årsjubileet for opninga av Jostedalsbreen nasjonalpark. Midlar til arrangementet vert dekkja av post 1427.21 (drift utval).

**ST 19/12 Løyving av midlar til formidling av verdiar i Jostedalsbreen nasjonalpark****Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.05.2012****Handsaming i møte:**

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar.

**Vedtak:**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyver kr 25 000,- til prosjektet Laurdagsturen, som er arrangert og organisert av Jostedalsbreen nasjonalparksenter.

Vilkåret er at nasjonalparksenteret skal formidle natur- og kulturverdiane i nasjonalparken, og at arrangementet er opent for publikum. Styret ønskjer også ein kortfatta rapport om kor mange som har delteke på laurdagsturen i løpet av sommarsesongen.

Midlane vert dekkja av budsjettpost 14.27.01 (tiltaksmidlar).

**ST 20/12 Jostedalsbreen nasjonalpark - tilleggsløyving til gjenoppbygging av bruer i Sunndalen****Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.05.2012****Handsaming i møte:**

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar.

**Vedtak:**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyver inntil kr 20 000,- til Sunndalssetra sameige v/ Sverre Guddal for å dekke utgiftene med helikoptertransport av material til oppbygginga av bruer i Sunndalen. Dugnadsarbeid tilknytt oppsetting av bruene må sameiget i Sunndalen rekne som eigeninnsats.

Faktura for dei faktiske utgiftene for helikoptertransporten skal sendast nasjonalparkforvaltninga. Utgiftene vert dekkja av budsjettpost 1427.01 (tiltaksmidlar).

**ST 21/12 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyving til oppsetting av portal i Briksdalen****Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.05.2012****Handsaming i møte:**

Nasjonalparkstyret valgte samstemmig i å avslå søknaden, men ønskjer dialog med søkjarane når eit breiare beslutningsgrunnlag er lagt for profilering og marknadsføring av nasjonalparken.

**Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår søknaden om midlar til portal og informasjonspunkt i Briksdalen.

Styret ønskjer heller å ta søknaden opp att på eit seinare tidspunkt, etter å ha drøfta profilering og marknadsføring av nasjonalparken på eit breiare grunnlag.

**ST 22/12 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til gjenoppbygging av bru, helikoptertransport av material og løyving av midlar til tiltak.****Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.05.2012****Handsaming i møte:**

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar.

**Vedtak:**

Med heimel i forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark § IV punkt 1.3 og punkt 4.3 første og tredje ledd får Bretun Melkevoll v/ Inge Melkevoll løyve til følgjande:

- Oppbygging av bru i Oldeskaret i samsvar med innsendt kart. Det er rom for forsterkning av bru-kara på kvar side med tørrmuring av stein. Steinen skal vere tilpassa landskapet.
- Flyging med helikopter, inntil fem landingar, for å frakte material til gjenoppbygginga av brua i Oldeskaret. Det skal ikkje flygast meir enn absolutt naudsynt, og det skal ikkje flygast i helgar eller på heilag dagar. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen skal varslast i førekant av flyginga. Forvaltningsmyndet skal også ha ein kortfatta rapport i ettertid av flyginga.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyver inntil kr 42 000,- til gjenoppbygginga av brua i Oldeskaret. Midlane vert dekkja av budsjettpost 14.27.01 (tiltaksmidlar). Forvaltninga skal ha ein rapport med bilete når tiltaket er ferdig gjennomført.